


PÅ SKJERMEN:	I TIMEN:
	Denne timen handlar om familie, og kven i familien som bestemmer kva no når de har blitt ungdommar. Sjølv om dei fleste ungdommar i følgje Ungdata no stort sett er fornøgd med foreldra sine, er det ikkje til å unngå at det blir litt krangling eller konfliktar om kven som skal bestemme kva. Slik har det alltid vore i familiar, som denne gamle klassikaren viser. De treng ikkje sjå heile. Ved 2:19 går den vidare til å handle om å stele familien sin bil, så de kan med fordel stoppe før det. DJ Jazzy Jeff & The Fresh Prince - Parents Just Don't Understand (Short Version) (youtube.com)
Stemmer dette? La elevane jobbe i grupper på 2-4 med arket Stemmer dette? På mange av påstandane er «usikker» mest riktig svar, eller rettare sagt – «Det kjem an på». Nokre er tydelege rette eller gale påstandar. I staden for at du går igjennom dette og prøver å gi ein fasit foreslår vi at ungdomane no får bruke kjelder som Barn og unges rettigheter – Barneombudet Barnekonvensjonen UNICEF Barneloven for å finne ut av spørsmåla – spesielt dei dei var usikre på.	
	Dette bildet viser at dei no nærmar seg aldrar der dei får nye rettigheter, men også meir ansvar.
	Sjå filmen Hvordan fungere godt sammen med de man bor med?
Som de såg i oppgåva om kven som bestemmer kva, er det fleire gongar det handlar om at foreldre og ungdom må bli einige. Då er det fleire av ferdigheitene i denne filmen som er relevante. La elevane spele Saman i same hus, med aktuelle situasjonskort. Elevane jobbar saman i grupper på 3-5. Kvar gruppe får utdelt dei to arka til spelet Saman i same hus, og klipper ut ferdigheitskorta og situasjonskorta. Vis vedlegga på skjermen først og gå igjennom kva dei skal gjere. Elevane skal trekke ein situasjon og sjå kor mange av dei ulike ferdigheitskorta som kan vere aktuelle i denne situasjonen. Her kan du velje å gjere det på ulike måtar: - Elevane kan snakke om korleis ferdigheitene er relevant - Elevane kan snakke seg igjennom korleis dei kunne brukt ferdigheiten - Elevane kan rollespele bruk av ferdigheiten - Du kan gi dei moglegheit til å velje sjølv, og dei kan eventuelt få poeng for kvar kombinasjon dei får til, og 1, 2 eller 3 poeng ettersom om dei berre snakkar om, snakker igjennom eller rollespeler det – dersom det er hjelpesamt med konkurranse for å få elevane i gang. Gå gjerne igjennom noko av det saman til slutt.	

	Denne lille øvinga handlar om å gjere seg klar før noko vanskeleg, ofte ei prøve på skolen. Men den kan også brukast for å gjere seg klar før du skal ha ein vanskeleg prat med nokon, til dømes i familien.
	No skal vi jobbe litt med å finne ut kven som skal få bestemme kva heime. (Opne boksa under for å finne eksempla)
	Her er mange ulike eksempel på kva ungdom og foreldra kan vere ueinige om. Kven skal få lov å bestemme over dette synes de? La elevane snakke saman i mindre grupper og finne ut om dei syne det er ungdommane eller foreldra som skal bestemme over dette, eller om dei bør bestemme i lag. Spør elevane kva dei har kome fram til.
	Livet&Sånn spurte ca 400 elevar om dette i 2021. Fargekodane her viser (– peik og forklar)
	Her ser de kva desse ungdommane meinte. Pdf-vedlegget under seier meir om desse resultata. Er ungdommane i denne klassa einige?